





GAULAR KOMMUNE		MØTEBOK	
KONTROLLUTVALET I GAULAR KOMMUNE			
Møtestad:	Møterommet	Møtedato:	01.02.2012
Kommunehuset på Sande (møterom)		Frå kl.:	09.00
		Til kl.:	12,20
<b>Faste medlemmer i Kontrollutvalet:</b>			
	Møtte:	Forfall:	Merknader:
1. Magnar Hellebust.	X		
2. Jarl Tyssekvam.		X	
3. Aud Lunde.	X		
4. Hanne Sofie Sæterlid	X		
5. Laila Oppedal		X	
<b>Varamedlemmer:</b>			
	Møtte:	Forfall:	Merknader:
1. Terje Vallestad.		X	
2. Lars Egil Viken.	X		
3. Karl Kristian Myrmed.		X	
4. Sylvia Hoff Brakestad.			ikkje innkalla pga seint innkomne forfall.
5. Unni Gjerland Lervik.			
<b>Ordføreren har møte og talerett i utvalet:</b>			
Rådmann Helge Følid får tilsendt møteinnkalling til utvalet sine møte.			
<b>Andre som møtte:</b>			
SEKOM-sekretariat Asgeir Tveit. Rådmann Helge Følid sak 003 og 004/12. Helse- og sosialsjef Kjell Idar Dvergsdal sak 003/12. Personalsjef Dag Kåre Ripe sak 003 og 004/12.			
<b>Saker som vart handsama / drøfta i møtet:</b>			
<b>SAKLISTA I MØTET:</b>			
Sak 001/12: Godkjenning av innkalling og sakliste. Sak 002/12: Skriv og meldingar. Sak 003/12: Orientering ferievikarordninga på Gaular bygde- og sjukeheim. Sak 004/12: Revisjonsrapport "Etterleving kommunestyrevedtak 24/09 Livsfaseplan seniorfase 55 + tiltak 8". Sak 005/12: Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet. Sak 006/12: Møteplan 2012 for kontrollutvalet. Sak 007/12 Oppfølgingsliste 1-2012 - Gaular. Sak 008/12 Eventuelt. Sak 009/12 Overordna analyse. Sak 010/12 Orientering om skule- og kulturetaten.			
<b>Merknader:</b>			
Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste			
<b>UNDERSKRIFTER:</b>			
 Magnar Hellebust, leiar		 Aud Lunde	
 Lars Egil Viken		 Hanne Sofie Sæterlid	

Asgeir Tveit  
Asgeir Tveit, sekr

## 001/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 23.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.02.2012	001/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Kontrollutvalet har ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

## 002/12 SKRIV OG MELDINGAR

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 23.01.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.02.2012	002/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyet	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

- SM 01-12: Brev frå Kryss-revisjon til Gaular kommune om rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald, datert 06.01.2012.
- SM 02-12: Brev frå Kryss-revisjon til Gaular kommune om avslutning av årsrekneskapen for år 2011, datert 06.01.2012.
- SM 03-12: Rapport for året 2011 frå Skatteoppkrevjaren i Gaular kommune.
- SM 04-12: Brev frå Kryss-revisjon til Gaular kommune om attendebetaling avrekna revisjonshonorar 2010, datert 24.11.2011.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## 003/12 ORIENTERING – FERIEVIKARORDNING VED GAULAR BYGDE OG SJUKEHEIM

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 23.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.02.2012	003/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

### Saksvedlegg

- E-post frå Joar Kirketeig til kontrollutvalet – ”Sak for kontrollutvalet”, datert 17. juni 2011.
- Brev til Gaular kommune om orientering ferievikarordning ved Gaular bygde- og sjukeheim, datert 25.10.2011.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kontrollutvalsak 029/11 Orientering – Ferievikarordning ved Gaular bygde- og sjukeheim.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding.

- 
- Skriftleg orientering vart levert ut i møtet.
  - Helse- og sosialsjef orienterte.
  - Mange småbarnsforeldre; krev avvikling på sommarstid.
  - Stort press på avvikling av ferie om sommaren gjer behovet for vikarar større.
  - Rekruttering på vinterstid er vanskelegare.
  - Pleie og omsorg ved sjukeheimen har størst behov.
  - Kvalifikasjonskrav.
  - Stor kamp om arbeidskrafta. Tal søkjarar har gått kraftig ned dei seinare åra.
  - Vanskeleg å få kvalifisert arbeidskraft.
  - Tilsettingsperiode vert avklart i førekant av at tilsettingstilhøvet startar. Nokre ynskjer kort periode, medan andre står i lengre periodar.
  - Arbeidstid og turnus er ei utfordring.
  - Gaular har delteke i KS-prosjekt for å rekruttere helse-, pleie- og omsorgsarbeidarar.
  - Utdanningsinstitusjonar vert tilskrive for å rekruttere.
  - Det har vore annonsert over heile landet.
  - Foreldre har vore kontakta i forsøk på å motivere ungdommen til denne type jobbar.
  - Nedgang i rekruttering i mange kommunar.
  - Kan ikkje tilsette personar under 18 år.
  - Det er lagt premissar; må jobbe minst fire veker og minst 80% stilling.
  - Ein har brukt same bonusordning som andre kommunar.
  - Ordninga har blitt gjort kjent for alle.
  - Ferie har blitt halde att for å ha nok folk i periodar med stort arbeidspress.
  - Leiarar har også måtte ta utevakter.

- Ordninga vert vurdert kvart år.
- Noko illojalitet ved at aktuelle seier ja til jobb, men seinare får meir lukrative tilbod som så blir prioritert.
- Vurderer andre måtar å avvikle ferie på og også å vere strengare med å pålegge tidspunkt for ferieavvikling.
- Noko samarbeid mellom kommunane Gaular, Jølster, Førde, Naustdal og Flora.
- Ordninga har gjeve positive resultat og avhjelp situasjonen.

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

- Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande, men kontrollutvalet ber om at slike ordningar vert vedtekne med heimel.
- Kontrollutvalet sender saka til kommunestyret til orientering.

Saksutgreiing

## **ORIENTERING – FERIEVIKAR ORDNING VED GAULAR BYGDE OG SJUKEHEIM**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Orientering frå rådmann vedrørande ferievikarordning ved Gaular Bygde og Sjukeheim.

### **Saksopplysningar:**

Kontrollutvalet sitt ansvar er heimla i § 77 i kommunelova og nærmare presisert i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. I merknadane til §4 i forskriftene 1. avsnitt går det fram at kontrollutvalet i prinsippet kan ta opp eit kvart tilhøve ved verksemda i kommunen så lengje det kan definerast som kontroll eller tilsyn. I merknadane til same paragraf, 8. avsnitt, går det fram at kontrollutvalet ikkje har plikt til å handsame andre enn dei saker som det får seg førelagt frå kommunestyret, eller der det går fram av forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.

Kontrollutvalet mottok E-post den 17. juni 2011 frå Joar Kirketeig – ”Sak for kontrollutvalet”

Kirketeig ber i e-posten kontrollutvalet sjå på utbetaling av ekstrabonus til ferievikarane ved Gaular Bygde og Sjukeheim.

E-posten vart lagt fram som meldingssak i kontrollutvalsmøte 25.10.2011. Kontrollutvalet løfta skrivet opp som sak, og i sak 029/11 gjorde kontrollutvalet vedtak om å kalle inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om ferievikarordninga ved Gaular bygde- og sjukeheim. Brev om innkalling til kontrollutvalsmøte vart sendt rådmannen 25.10.2011.

Rådmannen møter for å orientere.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Vidare saksgang vil vere avhengig av opplysningane som kjem fram i møtet. Saka er derfor lagt fram utan tilråding.



SEKOM-sekretariatet for det kommunale kontrollutvalet  
Postboks 338

6802 FØRDE

Saksnr.  
12/130

Arkivkode  
FE-416

Journalnr.  
12/1122

Dykkar ref.

Vår ref.  
KID

Dato  
01.02.2012

## Orientering om ferievikarordninga på Gaular Bygde- og Sjukeheim

### Bakgrunnen for saka:

Vedtak i kontrollutvalet den 25.10.11, sak 029/11 "orientering – ferievikarordning ved Gaular Bygde- og Sjukeheim" der det vart gjort slikt vedtak:

" Kontrollutvalet ber rådmannen om ei orientering ferievikarordninga på Gaular Bygde- og Sjukeheim på neste kontrollutvalmøte".

Kontrollutvalet ber om ei kort orientering frå administrasjonen (30 - 45 min.) om ferievikarordninga ved Gaular Bygde- og sjukeheim.

Sak kjem opp med bakgrunn i e-post frå Joar Kirketeig der han tek opp og undrar seg over at det vert utbetalt bonus til ferievikarane med kr. 5 000. Han spør også om det finst grunngeving for dette og skriv også at det ikkje kan vere så store problem å få tak i ferievikarar, samstundes som dette må vere frykteleg demotiverande for dei andre tilsette. Dette må etter hans meining vere heilt unødvendig utgiftspost som han meiner kontrollutvalet bør sjå nøyare på.

### Orientering om ferievikarordninga på Gaular Bygde- og Sjukeheim (helse- og sosialetaten):

På Gaular Bygde- og Sjukeheim (helse- og sosialetaten) er det behov for 40 ferievikarar årleg. Dette er vikarbehovet som er naudsynt slik at alle får avvikla lovbestemt ferie. I hovudsak har vi delt opp ferieperioden frå veke 26 (juni) og til veke 33 (august). Hovudperiode er juli/august. Tidlegare tok personale i hovudsak 3 veker sommarferie der vi har hatt eit eit system med at ein veksla på tidleg eller sein ferie annakvar år. Dei seinare år har fleire ynskje om 4 eller 5 veker ferie og ein har forsøkt å få dette til der dette er mogeleg. Viktig å få avvikle mest muleg ferie då det vanskeleg å skaffe nok vikarar vinter/haust.

Mange av småbarnsforeldra som er tilsett ynskjer å ha mest ferie i august fram til barnehage og skular startar opp att. I 2011 hadde ein forsøksvis større gruppe med 4 veker ferie ute samtidig i hovudperioden juli/august. Vi har inntrykk av at dette var ei god løysing og at personalet var nøgd med ei slik ordning. Det er også viktig å få avvikla mest mogeleg ferie om sommaren, då tilgangen på vikarar for ferieavvikling andre tider på året er svært anstrengt.

Postadresse  
Førdevegen 15  
6973 SANDE I SUNNFJORD

Telefon: 57718200  
Telefaks: 57718201  
E-post: postmottak.helse@gaular.kommune.no

Bankgiro: 37600700279  
Org.nr: 963 923 988



Ferievikarane skal dekke følgjande områda:

- Pleie på sjukeheimen (avd. 1 og 2).
- Kjøkkenteneste
- Vaskeri
- Reinhold
- PU- tenesta
- Heimetensta

Stillingane som ferievikarar vert utlyst i avvisa FIRDA. Tidlegare hadde vi ute stillingsannonse i april mnd. Men dei siste åra har vi måtte annonsere tidlegare då dei fleste kommunar eller andre vi konkurrer med startar utlysing allereie i februar/mars. I år har vi sett at nokre kommunar har ute annonse i FIRDA no i januar mnd.

Ved utlysing ber vi om at søkjarane opplyser om kva for tenesteområde dei ynskjer å jobbe med, samt kva for periode dei vil jobbe

Tilsetjing er delegert til administrasjonen slik all tilsetjing på dette nivået er i kommunen og skjer etter vanlege kommunale tilsetjingsvilkår, lover og reglar. Ved tilsetjing vert det vektlagt utdanning, skikkaheit og når ein kan jobbe.

Alle ferivikarane gjennomgår opplæringsprogram med både teoridel og praksis.

Tidlegare hadde vi forholdsvis mange søkjarar som ferievikarar og alle som søkte fekk ikkje jobb. Men frå 2008 har søkjartalet gått radikalt ned og frå 2009 meir enn halvert. Spesielt søkjartalet på sjukeheimen har vore svært lågt. Tal søkjarar med fagutdanning eller søkjarar som er under utdanning innan helsefag har også gått ned. Dette har medført store vanskar med å rekruttere nok vikarar i stillingane.

I tillegg til dette ynskjer søkjarane å jobbe berre deler av sommaren, då dei vil ha meir fri. Mange ynskjer å jobbe første del av sommaren då det er minst behov for vikarar og ha fri i deler av juli og august. Mange ynskjer å jobbe berre i 2 – 3 veker i motsetning til tidlegare då dei fleste ynskte å jobbe i 5 – 7 veker eller heile sommaren. Nedgangen på søkjarar har vore størst på sjukeheimen, i dei andre tenestområda har vi klart å løyst det. For å avvikle sommarferie i pleie på sjukeheimen er det behov for inntil 30 vikarar gjennom ferieperioden, alt etter korleis ferieoppsettet blir.

Men ein del ferivikarar jobbar over fleire år 2 – 4 år er vanleg (skuleungdom/studentar). Fleire tek også ekstravakter/sjukevikar på helg gjennom året.

Trenden med rekruttering til pleie- og omsorgssektor har vore generelt nedadgåande og der vi tidlegare hadde mange søkjarar t.d. til omsorg- og helsefagarbeidarstillingar med 10 – 15 søkjarar er det i dag ofte berre 2 – 3 søkjarar eller mindre. Til assistentstillingar er det også få søkjarar, ofte ingen når vi lyser ut stillingar. Rekruttering vert ei stor utfordring for kommunen i åra framover, både til faste stillingar og til vikariat.

Årsakene i nedgang søkjarar som vikarar kan vere fleire. Ei årsak er meir konkurranse om arbeidskrafta (færre tilgjengelege vikarar), lønsnivået kan vere høgare t.d. butikkjobb har ofte høgare løn enn det vi kan tilby. Arbeidstid er også ei utfordring der turnusarbeid med

kveld/helgearbeid ikkje passar eller er attraktivt for mange. Det å jobbe i pleie og stelle pasientar er også for mange spesielt og vanskeleg "å våge" å prøve.

Korleis rekruttere ferievikarar?

- Henvende oss til aktuelle søkjarar t.d sjukepleiarstudentar eller andre aktuelle.
- Oppslag på utdanningsinstitusjonar.
- Så langt råd er ta i omsyn til perioden dei kan jobbe.
- Tilpassa turnus.
- Utlysing større område eller på heile landet.
- Dei som er fast tilsett på deltid jobbar som ferievikarar dersom dei ynskjer det (nokre ynskjer dette). Men desse skal også sjølv avvikle ferie på ein hensiktsmessig måte så det er få som ynskjer å jobbe meir om sommaren.
- Løn.

Nedgang i søkjarar til ferievikariat i pleie – og omsorgstenesta er ein trend i dei fleste kommunar. Derfor har også dette vore felles tema mellom kommunane korleis vi kan rekruttere fleire til omsorgsyrke og det er i denne samanheng høgare løn og bonusordningar har vore drøfta. Førde kommune var første kommune som innførte bonusordning til ferievikarar.

I Gaular hadde vi forsøksvis bonusordning i 2009 og dette var eit heilt naudsynt tiltak for å klare å avvikle ferieperioden på sjukeheimen med nok personale. Dette året måtte vi tillegg beordre fast tilsette til å ta ekstravakter for å løyse situasjonen noko som utløyste mykje overtid.

Bonusordninga eller høgare løn gjeld for dei som jobbar på sjukeheimen i pleie (her er rekrutteringsvanskane størst) og primissane er at ein bind seg opp til å jobbe minst 80% stilling og 4 veker samanhengande eller samla i 5 veker i løpet av sommaren. For 2011 utgjorde bonusen kr. 5 000. Bonusordninga har vore gjort kjend gjennom utlysinga, slik at alle søkjarane har kjend til at det er ei slik ordning.

Ekstra løn eller bonus har i stor grad vore positiv og ført til at vi har løyst ferieavviklinga på sjukeheimen dei siste åra. Vi har ikkje registrert eller høyrte om noko misnøye med ordninga eller at dette har vore demotiverande eller urettferdig for dei fast tilsette. Tvert om er dei tilsette opptekne av at vi må nok ferievikarar slik at vi får ei tilfredsstillande ferieavvikling og at alle får høve til å ta ut lovbestemt ferie om sommaren.

Høgare løn eller bonusordning som det har blitt kalla må ikkje sjåast på som ei utgift, men ei nødvendigeheit for å rekruttere nok vikarar. Vi vil også bemerke at kostnadane med lønsutgifter hadde blitt høgare med beordring og overtidutbetaling dersom vi ikkje hadde hatt nok ferievikarar på sjukeheimen.

For å rekruttere personale, både i faste stillingar og vikariat må det nok jobbast med tiltak framover for å sikre at vi har dei personalet vi treng. Vi må også gjere oss i stand til å rekruttere på like vilkår i høve dei vi konkurrerer med om arbeidskrafta.

Vi har ikkje teke stilling om bonusordninga skal vidareførast i 2012. Vi drøftar f.t. metodar for å komprimere ferien og vere meir styrande for når personale kan ta ut ferie. Dette vert også å vudere når vi ser kor mange søkjarar vi får.

Vi vil også bemerke at vi har lang røynsle og høg kompetanse både på rekruttering og tilsetjing, samt arbeidstidsplanlegging i helse- og sosial. Dette arbeidet vert utført på ein ryddig og god måte.

Med helsing

  
Helge Følid  
rådmann

  
Kjell Idar Dvergsdal  
helse- og sosialsjef

**004/12 REVISJONSRAPPORT ETTERLEVING KOMMUNESTYREVEDTAK 24/09  
LIVSFASEPLAN SENIORFASE 55+ TILTAK 8**

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 23.01.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.02.2012	004/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

**Saksvedlegg**

- Revisjonsrapport «Etterleving kommunestyrevedtak 24/09 Livsfaseplan seniorfase 55+ tiltak 8».

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon og tilrådingar i revisjonsrapport «Etterleving kommunestyrevedtak 24/09 Livsfaseplan seniorfase 55+ tiltak 8», datert 11.11.2011;  
Konklusjon:

*Gaular kommunestyre har i sak 24/09 den 26.06.09 gjort vedtak om at tilsette over 62 år kan få utbetalt kr. 10.000,- pr. år; alternativt kan ein få tilbod om ei ekstra ferieveke gjennom året for tilsette frå 62 år. Ordninga gjaldt frå 01.08.2009 – 24.06.2010.*

*Det er konstatert at det er/var tilsette i Gaular kommune som faktisk og reelt kom inn under ordninga, som ikkje har fått godt gjort i tråd med vedtak i kommunestyret. Det er konstatert at tilsette som har teke opp forholdet med kommunen, har fått avslag på søknad om kontanttilskot i hht vedteken plan. Avslag er av administrasjonen begrunna med økonomiske årsaker og manglande budsjettløyvingar.*

*Det er konstatert at administrasjonen ikkje har følgd forvaltningslova §11 a når det gjeld å gje svar på skriftlege henvendingar innan dei fristar som lovverk og forskrift stiller krav om.*

Tilrådingar:

1. *Det er vår anbefaling at dersom kontrollutvalet skal vidareføre denne saka, så bør den fremjast overfor kommunestyret, som sjølv må ta stilling til om det som er gjort, er i tråd med dei føresetnader og intensjonar som kommunestyret sjølv la inn i saka for den perioden kontanttilskotet på kr. 10.000,- faktisk var gjeldande for dei 62 + åringane som stod i stillingane då ordninga var gjeldande, slik at ein får rydda opp i dette gjennom eit politisk vedtak slik eller slik.*
  2. *Det er også vår anbefaling at kommunen får kvalitetssikra sakshandsamingsrutiane sine slik at kommunen gjev skriftleg svar på skriftlege henvendingar i tråd med forvaltningslova § 11a.*
2. Kontrollutvalet sender saka til kommunestyret som sjølv bør ta stilling til saka. Dette i samsvar med Kryss-revisjon si tilråding.

## KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Kommunestyret kan ikkje sjå at føresetnaden for vedtaket i sak om livsfaseplan tiltak 8 i møte 26.06.09 med verknad frå 01.08.09 er følgt opp. Ordninga med kontanttilskot på kr. 10.000,- gjaldt i samsvar med vedtaket frå 01.08.09 og fram til det vart oppheva av kommunestyret 24.06.10.

Vedtaket inneheldt to val – kr. 10.000,- eller ei ekstra ferieveke. Dei som valde kr. 10.000,- hadde etter vedtaket rett til det.

2. Etter det faktiske og formelle innhaldet i vedtak frå 26.06.09 ser kommunestyret det slik at kommunen må effektuere utbetaling av kr. 10.000,- til dei som har sett fram krav om dette.

Saksutgreiing

**REVISJONSRAPPORT ETTERLEVING KOMMUNESTYREVEDTAK 24/09**

**LIVSFASEPLAN SENIORFASE 55+ TILTAK 8**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Kontrollutvalet skal gje tilråding til kommunestyret om revisjonsrapport «Etterleving kommunestyrevedtak 24/09 Livsfaseplan seniorfase 55+ tiltak 8»

**Saksopplysningar:**

Kontrollutvalet sitt ansvar er heimla i §§ 77 i kommunelova og nærmare presisert i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. I merknadane til §4 i forskriftene 1. avsnitt går det fram at kontrollutvalet i prinsippet kan ta opp eit kvart tilhøve ved verksemda i kommunen så lengje det kan definerast som kontroll eller tilsyn. I merknadane til same paragraf, 8. avsnitt, går det fram at kontrollutvalet ikkje har plikt til å handsame andre enn dei saker som det får seg førelagt frå kommunestyret, eller der det går fram av forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Når det gjeld førespurnader frå andre enn kommunestyret eller revisjonen, så må kontrollutvalet sjølv vurdere om saka høyrer inn under utvalet sitt kompetanseområde, og om det vil prioritere saka.

Kontrollutvalet 19.03.2011 brev frå involverte om at det ikkje var betalt ut løn i samsvar med kommunestyrevedtak 024/09 Livsfasepla Seniorfase 55+, tiltak 8 vedteken i Gaular kommunestyre 26.06.2009 med verknad frå 01.08.2009.

Kommunestyret har 26.06.2009 gjort vedtak om Livsfaseplan Seniorfase 55+. Under pkt. 8 går følgjande fram: *”Kontant utbetaling for tilsette over 62 år med kr. 10.000,- pr. år/Alternativt kan ein få tilbod om ei ekstra ferieveke gjennom året for tilsette frå 62 år. Dei får høve til å ta ut ferien i enkeltdagar eller samla og når som helst etter samråding med næraste leiar. Tilsette som ønskjer ordninga med ekstra ferieveke, får ikkje høve til å overføre ferieavvikling til nytt år.”*

Første setning, i kursiv, vart endra i sak 020/10 den 24.06.10 til å lyde som følgjer: *”Tilsette kan frå 62 år få tilbod om ei ekstra ferieveke kvart år”*.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 14/11 Oppmoding om å sjå på sak om avslag på søknad i strid med kommunestyrevedtak om plan for livsfasepolitikk: *Kontrollutvalet ber KRYSS-revisjon føreta ei undersøking for å vurdere om vedtak i kommunestylesak 24/09 Livsfaseplan Seniorfase 55+ tiltak 8 er etterlevd.*

Tinging av undersøkinga vart sendt KRYSS-revisjon 06.04.11.

Rapport for undersøkinga er levert 11.11.11.

KRYSS-revisjon har følgjande konklusjon i rapporten:

***Gaular kommunestyre har i sak 24/09 den 26.06.09 gjort vedtak om at tilsette over 62 år kan få utbetalt kr. 10.000,- pr. år; alternativt kan ein få tilbod om ei ekstra ferieveke gjennom året for tilsette frå 62 år. Ordninga gjaldt frå 01.08.2009 – 24.06.2010.***

*Det er konstatert at det er/var tilsette i Gaular kommune som faktisk og reelt kom inn under ordninga, som ikkje har fått godtgjort i tråd med vedtak i kommunestyret. Det er konstatert at tilsette som har teke opp forholdet med kommunen, har fått avslag på søknad om kontanttilskot i hht vedteken plan. Avslag er av administrasjonen begrunna med økonomiske årsaker og manglande budsjettløyvingar.*

*Det er konstatert at administrasjonen ikkje har følgd forvaltningslova §11 a når det gjeld å gje svar på skriftlege henvendingar innan dei fristar som lovverk og forskrift stiller krav om.*

KRYSS-revisjon har følgjande tilrådingar i rapporten:

- 1. Det er vår anbefaling at dersom kontrollutvalet skal vidareføre denne saka, så bør den fremjast overfor kommunestyret, som sjølv må ta stilling til om det som er gjort, er i tråd med dei føresetnader og intensjonar som kommunestyret sjølv la inn i saka for den perioden kontanttilskotet på kr. 10.000,- faktisk var gjeldande for dei 62 + åringane som stod i stillingane då ordninga var gjeldande, slik at ein får rydda opp i dette gjennom eit politisk vedtak slik eller slik.*
- 2. Det er også vår anbefaling at kommunen får kvalitetssikra sakshandsamingsrutiane sine slik at kommunen gjev skriftleg svar på skriftlege henvendingar i tråd med forvaltningslova § 11a.*

#### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Sekretariatet vurderer det slik at KRYSS-revisjon tilrår kontrollutvalet å sende saka til kommunestyret for å gjere endeleg vedtak om korleis ein skal tolke vedtak 24/09.

Det er opplyst tidlegare i saka at partane vil bli orientere om kontrollutvalet si handtering av saka.

Utan vedlegg vurderer sekretariatet at brev av 06.04.2011 «Tinging undersøking Gaular kommune» ikkje er unntekte offentlegheit.

## 005/12 ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET I GAULAR

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

**Dato:** 24.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	01.02.2012	05/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyret		-	-	Ja

### Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2011 frå kontrollutvalet.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Gaular kommune vert godkjent.

### KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Gaular kommune vert godkjent.



Saksutgreiing

## **ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET I GAULAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet til kommunestyret

### **Saksopplysningar:**

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til bystyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

---

## Gaular kommunestyre

### ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Gaular kommune har i år 2011 vore samansett slik:

#### Perioden 1. januar – 6. oktober 2011:

Medlemer:

Svein Myrmel (leiar)

Magnar Hellebust

Aud Ingunn Kvile (Reidun Skudal Amundsen 1. halvår)

Per Lien

Heidi Vallestad

Varamedlemer:

Steinar Ness

Gunnar Råheim

Joar Kirketeig

Mette Grytten

#### Perioden 6. oktober – 31. desember 2011:

Medlemer:

Magnar Hellebust (leiar)

Jarl Tyssekvam

Aud Lunde

Hanne Sofie Sæterlid

Laila Oppedal

Varamedlemer:

Terje Vallestad

Lars Egil Viken

Karl Kristian Myrmel

Sylvi Hoff Brakestad

Unni Gjerland Lervik

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2011.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det laga eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet

---

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2011 har kontrollutvalet i Gaular hatt fire møte der det er handsama i alt 29 saker. Kontrollutvalet har i 2011 tinga forvaltningsrevisjonsprosjektet «Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune». Kontrollutvalet har også tinga overordna analyse, som skal vere grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon i valperioden.

Kontrollutvalet har også ved høve kalla inn rådmannen for å orientere om saker. Såleis har rådmannen vore i kontrollutvalet og orientert om følgjande:

- Skule- og kulturetaten i Gaular.
- Teknisk sektor i Gaular.

Kontrollutvalet har også bede om orientering om ferievikarordninga ved Gaular bygde- og sjukeheim. Denne vil skje i første møte i kontrollutvalet i 2012.

I 2011 handsama kontrollutvalet sak om endring av økonomireglementet, og tilrår at dette vert endra, slik at det går fram av det at avslutta prosjektrekneskapar skal leggjast fram for kontrollutvalet for uttale før det vert sendt over til formannskapet for tilråding og kommunestyret for endeleg vedtak. Kontrollutvalet har også tilrådd for kommunestyret å gjere vedtak om at sluttrapportar og prosjektrekneskapar for avslutta investeringsprosjekt vert lagde fram i samsvar med økonomireglementet for Gaular kommune.

Kontrollutvalet har handsama sak med oppmoding om å ta opp sak om kommunestyrevedtak om plan for livsfasepolitikk er følgt og oppmoding om å ta opp sak om å delta i lønsforhandlingane for 2010. I førstnemnde sak er det tinga undersøking frå revisor. Rapport vil bli lagt fram i første møte i kontrollutvalet i 2012. Den andre førespurnaden valte kontrollutvalet å ikkje ta til følge.

Kontrollutvalet har i 2011 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følge av måten sekretariat og revisjon er organisert, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett.

Kontrollutvalet har også handsama sak om Forum for Kontroll og Tilsyn kan få leggja forvaltningsrevisjonsrapportar og rapportar etter selskapskontrollar vedrørande Gaular kommune ut på heimesida si. Kontrollutvalet gav aksept for dette.

I samband med at vi har gått inn i ein ny valperiode med nyvalt kontrollutval, har Sekom-sekretariat orientert om rolla og oppgåvene til sekretariatet for kontrollutvalet, rolla og oppgåvene til kontrollutvalet og møterutinar. Kontrollutvalet er også meldt på til seminar med innhald; rolla og oppgåvene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet deltok også i folkevaldoppløringa til Gaular kommune.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet "Skriv og meldingar", "Oppfølgingsliste" og "Eventuelt".

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

---

Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama «Eigenvurdering oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap», «Møteplan for kontrollutvalet 2011», «Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet» og «Årsrekneskapen 2010 for Gaular kommune».

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.


Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 4 med å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning gjennom å handsame sak om revisor si uavhengigheit og gjennom å følgje med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

Gaular den 1. februar 2012

  
Magnar Hellebust  
Letar

  
Aud Lunde

Hanne Sofie Sæterlid  


Lars Egil Viken  


---

<b>Postadresse</b>	<b>Kontoradresse</b>	<b>E-post</b>	<b>Telefon</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Org nr.</b>	<b>Bankgiro</b>
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

## 006/12 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I GAULAR 2012

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

**Dato:** 23.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	01.02.2012	006/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyret		-	-	

### Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan 2012.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Gaular for 2012 vert godkjent.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Møteplan for kontrollutvalet i Gaular for 2012 vert godkjent.

Saksutgreiing

## **MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I GAULAR 2012**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Møteplan for kontrollutvalet i Gaular for 2012.

### **Saksopplysningar:**

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2012 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og bystyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinnkalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVAL GAULAR KOMMUNE 2012

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL		1			15					25		4
FORMANNSKAP	30	29	27	24	25	11		24	18	23	6	18
KOMMUNESTYRE		16		10		28				2	6	13

## 007/11 OPPFØLGINGSLISTE 1-2012

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 24.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval Formannskap Kommunestyre	01.02.2012	007/12 - -	- - -	Ja

### Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2012 Gaular.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 1-2012 vert teken til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Oppfølgingsliste 1-2012 vert teken til vitande.



Saksutgreiing

## **OPPFØLGINGSLISTE 1-2012 - GAULAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 24.01.2012.

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## Oppfølgingsliste 5-2011 - Gaular.

### Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gaular kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
08/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	16.02.09	Ulike tiltak for å ytterlegare oppfylle intensjonen i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.	16.02.09: Vedtak KU vil innføre tiltak. 18.02.09 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor.
016/10 Forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar – VAR-sektoren	07.09.10		07.09.10 Tilråding til kst 14.09.10 s Gaular 01.02.11 KU ber om at rapporten vert lagt fram for kst. 01.02.11 Brev til Gaular kommune. 06.04.11 Bede om å få tilsendt kommunestyrevedtak. 10.03.11 Vedtak kst sak 05/11.
21/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt; Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune – tingingsdokument	19.05.11		19.05.11 Vedtak KU: 1. Tinginga for prosjektet "Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune" vert godkjent. 2. Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering. 21.05.11 Tinging sendt over til KRYSS-revisjon for oprasjonalisering.
024/11 Skriv og meldingar	25.10.11		25.10.11 Vedtak KU: - Skriv og melding 19-11 E-post frå Joar Kirketeig til kontrollutvalet – "Sak for kontrollutvalet", datert 17. juni 2011 vert løfta opp som eiga sak. - Skriv og meldingar vert ellers tekne til vitande.
025/11 Opplæring	25.10.11		25.10.11 Vedtak KU: - Kontrollutvalet ber om å bli invitert til opplæringa av folkevalte i Gaular kommune. - Kontrollutvalet har som intensjon at faste medlemmer og varamedlemmer skal delta på kontrollutvalsopplæringa som vert halden på Skei i slutten av januar 2012.
026/11 Budsjett for kontroll og tilsyn.	25.10.11		25.10.11 Vedtak KU: Budsjett vedteke. 26.10.11 Budsjett sendt til Gaular kommune.
027/11 Oppfølgingsliste.	25.10.11		25.10.11 Vedtak KU: Tekne til vitande.
028/11 Eventuelt.	25.10.11		25.10.11 Vedtak KU: Ikkje teke opp saker.
029/11 Orientering – ferievikarordning ved Gaular Bygde og sjukeheim.	25.10.11		25.10.11 Vedtak KU: KOntrolutvalet ber rådmann om ei orientering om ferievikarordning ved Gaular bygde og sjukeheim. 26.10.11 Sendt brev til rådmann vedrørande orientering.
01/12 Godkjenning innkalling og sakliste	01.02.12		
02/12 Skriv og meldingar	01.02.12		
03/12 Orientering om ferievikarordninga ved Gaular bygde- og sjukeheim.	01.02.12		
04/12 Revisjonsrapport «Etterleving av kommunestyrevedtak 24/09 Livsfaseplan 62 år + tiltak 8.	01.02.12		
05/12 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet.	01.02.12		
06/12 Møteplan 2012 for	01.02.12		

kontrollutvalet.			
07/12 Oppfølgingsliste 1-2012 Gaular	01.02.12		
08/12 Eventuelt	01.02.12		
09/12 Overordna analyse.	01.02.12		
10/12 Orientering skule- og kulturetaten	01.02.12		
	01.02.12		

Oppdatert 01.02.12

## 008/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 24.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.02.2012	008/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Kontrollutvalet tek opp sak om å kalle inn rådmannen til neste møte for å orientere om skule- og kulturetaten.

#### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.

## 009/12: OVERORDNA ANALYSE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat  
Dato: 01.02.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.02.2012	009/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg:

#### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.

#### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tingar overordna analyse frå KRYSS-revisjon.

#### Kontrollutvalet sitt vedtak:

Kontrollutvalet tingar overordna analyse frå KRYSS-revisjon.

Saksutgreiing

## **OVERORDNA ANALYSE**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saka gjeld utarbeiding av overordna analyse som grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon for valperioden 2011 – 2015.

### **Saksopplysningar:**

Overordna analyse er heimla i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar:

#### *§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon*

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.*

*Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektor og virksomheter.*

Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon for valperioden 2011 - 2015. Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse. Overordna analyse har som føremål å framskaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen slik at det er mogeleg for kontrollutvalet å lage ein plan for forvaltningsrevisjon, og å prioritere mellom ulike område der det kan vere aktuelt å gjere forvaltningsrevisjon. Med overordna analyse ønskjer ein å sikre at det er dei nyttigaste forvaltningsrevisjonsprosjekta som vert gjennomførte. Den overordna analysen har altså som føremål å sikre god og nyttig forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen.

I samtalar mellom KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat er det avklart at KRYSS-revisjon vil ta på seg arbeidet med overordna analyse.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## 010/12 ORIENTERING – SKULE OG KULTURETATEN I GAULAR

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 01.02.2012

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saksnr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutvalet	01.02.2012	010/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

### Saksvedlegg

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

- Saka vart teken opp under møtet.

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

- Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om skule- og kulturetaten.